

Melding om endring av namn

Utfylt melding sendast til skattekontoret.
Det skal gjevast ei melding for kvar person som skal endre namn.
Sjå rettleiing på side 3.

Fullt namn før namneendring

Etternamn		Førenamn	Mellomnamn
Fødd dag, mnd., år, pers.nr.	Bustadadresse		Bustadkommune

Fullt namn etter namneendring

Etternamn	Førenamn	Mellomnamn
Tilknytning til det meldte namnet (sjå rettleiinga)		
Følgjande utskrifter frå skattekontoret/attestar vert lagde ved (sjå rettleiinga)		

Grunnen til namneendringa

(trengst ikkje fyllast ut i alle tilfelle, sjå rettleiinga)

Meldaren si underskrift. Gjeld meldinga eit barn over 12 år, må barnet sjølv skrive under og samtykke i meldinga.
Barnet si underskrift her fungerer som samtykke.

Stad og dato	Namn
--------------	------

Endring av namn for barn under 16 år

Følgjande skal berre fyllast ut dersom meldinga gjeld barn under 16 år (sjå rettleiinga).

Kryss av for om foreldra har felles foreldreansvar, eller om ein av foreldra har foreldreansvaret åleine: Felles foreldreansvar: <input type="checkbox"/> Foreldreansvaret åleine: <input type="checkbox"/>		
Gje opp namn og adresse til den av foreldra som ikkje har del i foreldreansvaret: Namn <input type="text"/> Adresse <input type="text"/>		
Underskrift til mor som har del i foreldreansvaret	Underskrift til far som har del i foreldreansvaret	Dato <input type="text"/>

Som styk-/fosterforelder samtykkjer eg i meldinga

(gjeld ved endring til ein av styk- eller fosterforeldra sitt etternamn og/eller mellomnamn)
Styk-/fosterforelder si underskrift

Som sambuar samtykkjer eg i meldinga

(gjeld ved endring til sambuaren sitt etternamn og/eller mellomnamn. For sambuarar som ikkje har felles born, fungerer underskrifta òg som eigenmelding om at sambuarane har budd saman i minst to år. Sjå rettleiinga.)

Sambuaren si underskrift

Skal fyllast ut av skattekontoret

Skattekontoret har godteke meldinga om endring av namn med heimel i:

Dersom meldinga gjeld førenamn, set kryss her:

Fullt namn etter namneendring

Etternamn <input type="text"/>	Førenamn <input type="text"/>	Mellomnamn <input type="text"/>
Dato, underskrift og stempel <input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Tilknytning

Ein kan velje etternamn og mellomnamn når fleire enn 200 personar her i riket har det som etternamn. I eit slikt tilfelle treng ein ikkje forklare kva for ei tilknytning ein har til namnet.

Dersom namnet ikkje er i bruk som etternamn her i riket, kan det på visse vilkår takast som nytt etternamn eller mellomnamn. Opplys om namnet er eit slikt nytt namn.

Ein kan vidare velje m.a. følgjande som etternamn:

- namn som er eller har vore ein av tipoldeforeldra, oldeforeldra, besteforeldra eller foreldra sitt etternamn eller mellomnamn. Dette gjeld ikkje tidlegare namn som er fått ved ekteskap eller sambuarskap,
- ein av foreldra sitt førenamn med ei ending som viser slektskapen, eller når namnet har ein tradisjon i ein kultur som tillèt det, ein av besteforeldra sitt førenamn med ei ending som viser slektskapen,
- namn som er eller har vore ein av foreldra eller besteforeldra sitt førenamn, når namnet har ein tradisjon i ein kultur som ikkje skil mellom førenamn og etternamn,
- namn som er ein av styk- eller fosterforeldra sitt etternamn eller mellomnamn, dersom vedkomande samtykkjer,
- namn som er eller har vore ektefellen sitt etternamn eller mellomnamn, og som ikkje er fått ved tidlegare ekteskap eller sambuarskap,
- ektefellen sitt førenamn som etternamn når namnet har ein tradisjon i ein kultur som ikkje skil mellom førenamn og etternamn.

To namn som kan takast som etternamn, kan takast som eit dobbelt etternamn med bindestrek.

Namn som kan takast som etternamn, kan takast som mellomnamn.

Meldaren må forklare kva tilknytninga er til det ønskje etternamnet og/eller mellomnamnet, jf. punkta ovanfor.

Dokumentasjon

Ektefellar som skal velje namn etter namnelova § 4 første leddet nr. 4, må leggje ved vigselattest.

I nokre tilfelle må ein leggje ved til dømes dåpsattest, fødselsattest, kopi av hovudregisterkortet i skattekontoret osv. for den som ein søker å ta namnet til. Meldaren bør då kontakte skattekontoret for å få opplyst kva dokumentasjon som krevst.

Det kan òg vere naudsynt å leggje ved særskild avgjerd om foreldreansvaret for barnet/borna.

Grunnen til namneendringa

Hovudregelen er at ein ikkje kan ta, endre eller sløyfe førenamn og etternamn meir enn ein gong kvart tiande år. Denne avgrensinga gjeld ikkje når ein skal ta ektefellen eller sambuaren sitt etternamn, og ektefellen eller sambuaren sitt førenamn når namnet har tradisjon i ein kultur som ikkje skil mellom førenamn og etternamn. Avgrensinga gjeld heller ikkje når ein skal ta som etternamn stykforeldra, fosterforeldra eller adoptivforeldra sitt etternamn. Vidare gjeld ikkje avgrensinga når ein skal ta attende tidlegare etternamn ein har hatt, og ta attende førenamnet som ein hadde før endringa.

Dersom ein ønskjer å ta, endre eller sløyfe etternamn eller førenamn når unntaka som er nemnde ovanfor, ikkje kan brukast, krevst det "særlege grunner". Meldaren må forklare det offentlege kvifor vedkomande ønskjer namneendringa.

Endring av namn for born under 16 år

Det er foreldre som har del i foreldreansvaret, som må underskrive meldinga om namn. Dersom berre ein av foreldra har foreldreansvaret aleine, skal meldinga godtakast – dersom dei andre vilkåra i lova er oppfylte – sjølv om den andre av foreldra er usamd i namnevalet.

Sjølv om begge foreldra har del i foreldreansvaret, kan ei melding frå berre ein av dei godtakast dersom det finst ein særleg grunn.

Skattekontoret vil i tilfelle innhente ei fråsegn frå den andre av foreldra som har del i foreldreansvaret, der denne ikkje har underskrive namnemeldinga.

Dersom det ikkje er felles foreldreansvar, krev ikkje namnelova at den av foreldra som ikkje har del i foreldreansvaret, må samtykkje. Foreldre som ikkje har del i foreldreansvaret, er ikkje part i saker om namnet til barnet. Det er i utgangspunktet ikkje rom for å leggje vekt på synspunkt frå foreldre som ikkje har del i foreldreansvaret. Dette gjeld òg der det er tale om ei endring frå eller til vedkomande sitt namn. Vedkomande vil likevel verte varsla om namneendringa.

Dersom meldinga gjeld eit barn over 12 år, må òg barnet sjølv samtykkje. Det er ikkje eit krav at barn under 12 år må samtykkje. Det følgjer likevel av barnelova at "[e]tter kvart som barnet utviklast og mognast, skal foreldra høyre kva barnet har å seie før dei tek avgjerd om personlege tilhøve for barnet. Dei skal leggje vekt på det barnet meiner. Det same gjeld for andre som barnet bur hos eller som har med barnet å gjere".

Val av namn i sambuarskap

Sambuuarar kan velje namn på line med ektefellar dersom følgjande vilkår er oppfylt: Paret må vere sambuuar på det tidspunktet som meldinga vert inngjeven. Sambuaren må samtykkje i namneendringa. Med mindre sambuuarane har felles born, er det eit vilkår at dei har vore sambuuarar i minst to år. Sambuuarane må i tilfelle erklære at dei har vore sambuuarar i så lang tid. Etter at sambuarskapet er avslutta, er det ikkje lenger høve til å velje namn etter føresegna. Utgangspunktet er at sambuarskapet vert avslutta når sambuuarane reint faktisk flyttar frå kvarandre. Det er ikkje avgjerande at dei enno ikkje har meldt flyttinga til skattekontoret, når dei reelt har flytta frå kvarandre. I slike tilfelle vert altså sambuarskapen sett på som avbroten. Reine kortvarige og mellombelse samlivsbrot fører ikkje til at paret mister statusen som sambuuarar.

Namn på gardsbruk som etternamn eller mellomnamn

Etter namnelova § 4 første leddet nr. 8 kan eit namn på eit gardsbruk på visse vilkår takast som etternamn, eventuelt mellomnamn, jf. namnelova § 9. Vedkomande tinglysingsstyresmakt bør opplyse om og så langt som mogeleg stadfeste kvar eigedomen ligg, gards- og bruksnummeret på eigedomen, kor stor eigedomen er og korleis han vert bruka, kva namn gardsbruket er oppført med i grunnboka, eventuelt òg namnet i matrikkelen eller eventuelt òg korleis namnet vanlegvis vert skrivne eller uttala på bygdemålet, eller korleis namnet elles er oppført i andre dokument med eit offentlig preg. På same måte bør det opplysast om og når meldaren eller foreldra til meldaren har vore eigar eller brukar av gardsbruket.